

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Treeiningssøndag – 26. mai 2013

Preiketekst: Luk 24, 44-49

Lesetekst I: Jes 6, 1-8

Lesetekst II: Apg 17, 22-34

Guds plan er misjon

Til dagen:

Treeiningssdagen er knytt til pinsebodskapen om Anden som kom til oss for å føde oss på nytt, utruste oss til heilagt liv og etterfølgning, og til teneste med sine gaver, og skape eit misjonerande folk av si kyrkje. Vi har del i Jesaja sitt sterke kall og skal ta vidare Paulus si frimodige forkynning i Aten. Dette skal sette tonen for heile treeiningstida, det neste halve året.

Til teksta:

Tekstrekka avgrensar seg til v.45-48. Det er håplaut. Vers 44 er heilt avgjerande for forståinga av resten, og sjølv om referansen i vers 49 til at Anden skal kome, er i framtidsform – og årets pinsefeiring er fortid, kan ikkje preiketeksta på treeiningssdagen berre klippe banda til det som ber misjonsoppdraget: Andens kraft.

Dette er av dei aller siste orda Jesus talte til disiplane. Korrespondansen til Lukas si forteljing i Apg 1 er klar og seier så tydeleg som det går an: Misjonsoppdraget var hovudsaka for den oppstadne Jesus.

Avsnittet tar likevel til i basis. Vers 44-46 handlar om at Gud har gitt seg til kjenne. Jesus gjentar ei hovudsak i heile dette kapitlet (jamfør korleis han guida emmausvandarane gjennom Moses og alle profetane), at Guds openbering gjennom dei gammaltestamentlege skriftene talar om Jesus Messias. Jesus er den som oppfyller løfta, som forklarar bilda, som fyller profetiane. Han viser til alle dei tre delane av dei gamle jødiske skriftene - Moselova, profetane og Salmane. Salmane var det største og dominerande skriftet mellom Skriftene.

Jesus introduserer oss for ei ny lesing av den gamle pakta sine skrifter. Dei peikar på han. Utan Jesus kan vi ikkje gripe hensikt og innhald i GT. Den første kyrkja fann Jesus allereie i det dei kalla proteevangeliet, i løftet frå syndefallets dag om at kvinna sitt avkom skal knuse slangens hode (1 Mos 3,15). Heile offerinstitusjonen i GT er avleidd i NT som eit bilde på det komande, i seg sjølv handlingar utan kraft og verknad om dei ikkje peikte fram mot han som

skulle reelt sone for all verda si synd og skuld (Heb 9,11-14). Allereie GT innser kraftløysa i tempelofringane (Sal 51,18f; Jes 1,11ff) og profeterer om den lidande tenaren, han som ikkje døden kunne halde på og som derfor skulle sjå lyset bak døden. Ved sin død sona han synda, og ved si oppstode skulle han gjere «dei mange» rettferdige (Jes 53).

Språkleg heng v.47 saman med det framom, og det må bety at også misjonsoppdraget høyrer med i det som er profetert. Vi ser det allereie i Guds kall til Abraham om at han skal vere ei velsigning for alle slekter på jorda (1 Mos 12,3), og vi finn det igjen både i Salme 67,3 og Jes 49,6 om frelsa til folkeslaga, og i den store visjonen som peikar fram mot fullendinga då folkeslaga verkeleg skal samlast i den fullenda frelsa (Jes 66,18ff; Opb 7,9).

Vers 47f handlar om oppdraget som Jesus let etter seg til disiplane sine. Innhaldet er ganske skarpt og avgrensa om vi vil ta det ned til hovudsaka: Forkynning til omvendning og syndstilgjeving. Misjonsoppdraget har mange «kan», men til sjuande og sist berre eitt «må», at vi i ord og gjerning vitnar om Guds kjærleik og frelse i Jesus Kristus. Vi vil at folk skal bli frelst, vende om frå syndene sine og til Guds evige nåde og tilgjeving. Det er ganske talande at når Jesus i førti dagar tala med disiplane «om det som høyrer Guds rike til» (Apg 1,3), så kokar Lukas heile innhaldet ned til dette: Forkynning til omvendning og syndstilgjeving. Det er misjonens hovudsak.

Jesus nemner også misjonens aktørar og adresser, utsendingane og mottakarane. Som i Apg 1,8 seier han også her at adressa er folkeslaga med startpunkt Jerusalem, til jødane og til folkeslaga. At jødane har ei særstilling i si utveljing, er klart (Rom 9,4f). Samtidig nemner Jesus dei her mellom folka. Gå til folkeslaga, og begynn med jødane i Jerusalem. Vi anar at dette handlar om konsekvensane av Jesu tomme kors og grav, han som ved sin død gjorde «dei to» (jødar og heidningar) til eitt (Ef 2,11ff).

Og aktørane, vers 48: De er vitne om dette, jamfør same ordet i Apg 1,8: Vitne. «Martys» på gresk. Vi veit kva farge ordet martyr fekk i kyrkjehistoria gjennom vitna som måtte betale ein høg pris, jamvel med sitt eige blod. Setninga er korthoggen, direkte og sterk. Den etterlet ingen tvil, Jesu utsending: De er vitne om dette! Med vekt på pronomenet. Den ordren retta seg ikkje berre til dei elleve. Det er eit ord for dei følgjande dagane og rettar seg mot heile Jesu kyrkje, mot alle som kjenner, trur på og følgjer Jesus Messias.

Når eg insisterer på å ha med v.49, er det for å halde fast at Jesu ordre ikkje var siste ordet. Sisteordet er løftet. Misjonsoppdraget er ikkje vårt, det er Guds eige. Det var Gud som sendte Jesus, det er Gud som sender Anden – og det er den treeine Gud - Far, Son og Ande, som kallar si kyrkje til å følgje Han i misjon til jødar og heidningar.

Til preika:

Dei du preiker til denne søndagen, bør få litt hjelp til å sjå korleis GT peikar mot NT og korleis Jesus oppfyller det som GT hadde tala om. Bruk gjerne Bibelen apologetisk for å teikne dei lange linjene. Forholdet mellom løfte og oppfylling er trusstyrkande.

Men søndagens hovudtema må naturlegvis i sentrum: Gud vil misjon! Desse versa gir oss høve til å snakke om misjon som Guds lange plan. La meg få legge inn eit godt ord her for Andreas Nordli (UIO) si ferske og gode bok «Guds evige hensikt». Det er også eit poeng at Gud startar i det små når han siktar mot det store. Men vi må gå vidare frå den lange planen til Guds aktuelle plan, misjon slik Gud kallar oss til det i dag. Her må forkynnaren våge å vere så einsidig denne dagen som teksta, midt i alt vi veit om holistisk misjon: Vi skal kalle til

omvending og syndstilgjeving. Det kan vere ein del av preika sin invitasjon denne søndagen, så den ikkje berre blir om misjon, men i seg sjølv er misjonerande. Samtidig skal den motivere trusfelleskapet for deltaking i misjonen ved evangeliet, til jødar og heidningar. Til sist er det viktig å snakke om Guds evige plan, som berre han sjølv kan fullføre, men som vi er delaktig i ved Anden som er gitt oss. Utan han blir misjon berre ord og humanitær innsats. Ved Anden fører misjon til evig liv og Guds rikes komme.

Rolf Kjøde

Generalsekretær i Normisjon

rolf.kjode@normisjon.no